



MØTEBOK

Forslag til lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad i Fitjar kommune.

Utval sak	Utval	Møtedato
13/17	Utval for Oppvekst og omsorg	04.04.2017

Vedlegg:

Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet 24.06.16.

Høyringsdokument; Lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad i Fitjar kommune.

Bakgrunn:

Den 13. juni 2016 vedtok Stortinget lovendringar i pasient- og brukarrettslova og helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister.

Lovendringane skal sikre rett til sjukeheimplass eller tilsvarande bustad med heildøgns-omsorgstenester, viss dette ut frå ei helsefagelg vurdering er det einaste tilbodet som sikrar pasient eller brukar nødvendige og forsvarlige helsetenester. Derfor er dette heimla i pasient og brukarrettslova.

Ny § 3-2 a andre ledd i helse- og omsorgstenesteloven inneber ei plikt for den einskilde kommune til å utarbeide ei lokal kommunal forskrift, med kriterier for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester. Når ein ikkje får retten til plass i sjukeheim oppfylt med ein gong, skal ein ha rett til å stå på ei vente-/observasjonsliste.

Den lokale forskrifta skal tre i kraft 1. juli 2017.

I møte i Utval for oppvekst og omsorg den 21.03.17 vart det oppnemnt ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe. Leiar for utvalet for oppvekst og omsorg har vore med, i tillegg til leiar for eldrerådet, leiar heimebaserte tenester, leiar ved sjukeheimen, saksbehandlar v/pleie- og omsorg og helse- og sosialsjef.

Vurdering:

Arbeidsgruppa har hatt eit møte, og administrasjonen har førebudd eit utkast til lokal forskrift ut frå ein mal som er utgitt i saka. Ein har og sett litt til kva andre kommunar har gjort.

Arbeidsgruppa har gått igjennom saka og dokumentet, og kome med innspel. Utkastet er så retta og justert slik at gruppa står bak om forslaget.

Saka vert no fremja for Utvalet for oppvekst og omsorg, og føreslått lagt ut på høyring. Etter høyringsrunden vil saka koma opp igjen i utvalet før den går til endeleg avgjerd i kommunestyret.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utvalet for oppvekst og omsorg legg ut dokumentet; Lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad i Fitjar kommune, på høyring.

Frist for innspel vert 05.05.2016.

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 04.04.2017:

Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen orienterte om bakgrunn for saka, og om arbeidsgruppa sitt arbeid med forskrifta fram til no.

Utvalet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Utvalet for oppvekst og omsorg legg ut dokumentet; Lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad i Fitjar kommune, på høyring.

Frist for innspel vert 05.05.2017.

Atle Tornes
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.